

Innspel til kommuneplanen sin arealdel

Innspelet vert fremja av:

G.nr. 325 b.nr. 11, Fosse v/eigar - Aud Sølvi Fosse Drengenes


G.nr. 325 b.nr. 95, Granly v/eigar - Bernt Ørjan Drengenes

Innspel til kommuneplanen:

Vi ynskjer å byggje mindre bueiningar(einebustader/leiligheiter) på eksisterande bustadtomt b.nr. 95 og i tillegg utvide området litt for å gje plass til terrengtilpassing av grenser/arrondering mot sør og ei tomt på areal på b.nr. 11 i nord mellom privat veg og b.nr. 95. Arealet som er på om lag 5 da ligg i dag som LNF.

Vårt innspel er å leggje areal på om lag 5 da ut til LNF-spreidd bustad ved Fosseskaret.

Kart over området i dag:



Frådelte bustadtomter:

Frå b.nr. 11 er det tidlegare frådelt to bustadtomter i Fosseskaret. Dette er b.nr. 93 og 95. B.nr 93 er bygt på, medan b.nr. 95 er ubebygd, men no overført innan familien. Her ynskjer eigar å realisere bustad. Mellom vegen og b.nr. 95 er det ledig eit areal, som ikkje er eigna for landbruk. Dette er naturleg å utnytte til mindre bueiningar. Tomtene ligg i utkanten av b.nr. 11 like ved kommunal veg, sjå kartet ovanfor.

Om arealet:

Arealet ligg om lag 500 meter frå idrettsanlegg og 800 meter frå skule. Avstand til haldeplass ved Frekhaug nærsenter er 1,6 km. Her er gode kvalitetar for spreidd bygging utan å vere til ulempe for landbruk eller skogbruk på b.nr. 11.

Dette vert eit nytt område for LNF-spreidd bustad, men området er bygt før med eit bustadhus og ei tomt er alt frådelt (b.nr. 95). Ein tek såleis ikkje eit nytt urørt areal, men byggjer vidare i tilknytning til eksisterande bustad og bustadtomt.

Arealet ligg på eit høgdedrag, og området har ikkje vore nytta til landbruksføremål.

Konflikt med andre arealinteresser

Vi ser ikkje at det er registrert kulturminne eller at det er registrert viktige naturtypar/naturkvalitetar som fører til interessekonflikt.

Utbygginga vil ta omsyn til eksisterande bustad slik at bumiljøet vert ivareteke.

Tilkomst:

B.nr. 93 og 95 har vegrett over b.nr. 11. Område for LNF-spreidd bustad vil få felles avkøyrsløse frå kommunal veg som tilfredsstillar krava.

Vassforsyning:

Det går hovudvassleidning i Fosseskarvegen. Etter spørsmål til VA-avdelinga vil ein kunne kople seg til off. vassforsyning i samsvar med VA-norma.

Avlaup:

Her ligg godt til rette for å byggje eit privat avlaupsanlegg med bioreinsing. Det er førebels ikkje fullført et off. avlaupsanlegg i området øvre Fosse og Fosseskaret.

Energi:

Det går førebels høgspenlinje gjennom dalen i aust. Delar av linja er lagt i jordkabel, men noko er framleis i luftspenn. Etter kontakt med BKK skal denne ikkje vere til hinder då det er god avstand.

Nord for Fossevegen er det etablert ny trafostasjon der det er tilrettelagt med føringsveg for kablar under vegen.

Fiber:

Det er ikkje lagt fiberkabel fram til området då her er berre eit bustadhus i dag. Med etablering av LNF-spreidd bustad vil ein i fellesskap kunne føre fram fiber.

Området sine bukvalitetar:

Her er som nemnt ovanfor kort veg til Frekhaug nærsenter, barnehage og skule, og stettar såles godt prinsippa i samfunnsdelen. Her kan ein gå eller sykle som alternativ til bil som transportmiddel.

Gode solforhold og eit roleg og trygt område gjev gode oppvekstvilkår for barn. Å få litt fleire enn eit hus her vil vere positivt for bumiljøet, og for garden vil dei med tilknytning kunne byggje på ein stad ein har tilhøyrigheit og ynskjer å bu. Dette er også er i samsvar med prinsippa i samfunnsdelen.

Konklusjon:

Det skal liggje godt til rette for å etablere LNF-spreidd bustad ved Fosseskaret. Innspelet syner på vedlagt kart.

Vi vonar Alver Kommune stiller seg positive til dette.

Fosse 14.09.22

Med helsing


Aud Sølvi Fosse Drengenes

Aud Sølvi F. Drengenes

Bernt Ørjan Drengenes

Bernt Ørjan Drengenes

Vedlegg: Kart med innspel til kommuneplanen



Innspel til kommuneplanen gnr 325 bnr 11 og 95

LNF-spreidd bustad



Dato: 14-09-2022

Målestokk: 1:1 000

